

Kolstad 25/7-23

Klage på avslag om:

Søknad om dispensasjon og rammeløyve for oppføring av tilbygg på fritidsbustad med ny installasjon av innvendig sanitæranlegg på GBNR 445/58 i Alver kommune. Dykkar sak nr.23/3206-23/37374.

Vi klagar herved om avslag på søknad om tiltak og har følgjande kommentarar til Statsforvalter sine merknader:

1. Statsforvaltar stadfestar at dei ikkje kan sjå at det er sterke nasjonale interesser i saka. Dermed er den saka avklart.
2. Vedkomande konflikt rundt støy og støv vil vi påpeike følgjande:
 - Det er fleire fritidsbustader som ligg tett opp til området. Vi meiner at desse er så tett på industriområdet at støy og støv vil påverke desse om lag i same grad som det omsøkte tiltaket. Sjå vedlagt kartutsnitt.
 - Det er ei rekkje av store graner som skjermar fritidsbustaden svært godt frå 445/10 der Radøygruppen har sin aktivitet. Sjå vedlagt kartutsnitt med topografi. Dette går også fram av foto lagt ved opprinneleg søknad.
 - Vindrose frå Meteorologisk institutt for Fedje viser at vindretning i hovedsak vil føre støv frå massedeponi bort frå fritidsbustaden. Vindforholda her vil være tett opp til det dei er rundt Fedje og gir eit realistisk bilde av vindforholda. Sjå vedlegg.
3. Statsforvalter hevdar at området ikkje er eigna for fritidsbustader. Vi meiner dette står i motsetning til det faktiske forholdet. Det er ei rekkje andre fritidsbustader og også heilårsbustader og eit større byggjefelt i dette området. Mellom anna også ein marina/båthavn. Det er svært gode solforhold og tett på sjøliv og skjærgard.
4. Statsforvalter hevdar at eit tilbygg på fritidsbustaden vil være uheldig for bruk av arealet som er regulert til industri. Vi viser til erklæringane frå eigarane av industriområdet og meiner dette viser at dei som har drift der ikkje ser hindringar for bruken. Slik vi ser det er dette ei privatrettsleg sak. Fritidsbustaden vil bli ståande og brukt slik den er, sjølv om det ikkje vert oppført eit tilbygg.

Vi gjentar også våre vurderingar sendt i søknaden som vi meiner må tilleggjast stor vekt i saka.

Forhold tiltakshavar meiner må tilleggjast vekt i vurdering av tiltaket:

Fritidsbustaden har stått på egedomen i om lag 70 år og vart påbygd i 2007 og 2011. Tiltakshavar har ikkje fått i stand avtale om utkjøp av egedomen frå eigarane av industriområdet. Det er gjort avtale med aksept frå desse om tilbygget det no vert søkt om løyve for oppføring. Tiltakshavar meiner desse avtalane er av privatrettsleg karakter og at arealføremålet i føresegnene dermed ikkje skal takast til følgje. Jfr. Pbl. § 21.6. Egedomen utgjer ein svært liten del av det totale industriarealet og vil ikkje

Ing. Taule AS
Radøyvegen 1400
5936 Manger

Mob.tlf. 908 66 010
e-post: atle@ing-taule.no
Org. Nr. 988103381MVA

være til sjenanse eller hinder for aktiviteter/ bruk av dette. Det same gjeld også tilkomstveg. Derav aksept frå eigarane av industriområdet som omkransar eigeodomen. Tiltaket er plassert på det som er ein naturskjønn tomt, er lite eksponert frå veg og fell naturleg inn i terrenget. Det har gode estetiske verdiar som vil langt overgå eventuelle industrielle installasjonar og medverkar til å gje industriområdet eit mjukare preg.

Bygningen er godt innafor krava til gesims- (8m) og mønehøgde (9m) nemnd i Pbl. § 29.4 og er om lag på kote 13,5 som er godt under kravet i reguleringsføresegnene for området som har grense på kote 17.

Omsøkt tilbygg vert oppført i samsvar med TEK 17 og dermed vesentleg betre isolert enn den eldre delen. Samla fører dette til mindre energibruk pr. m² bruksareal då tilbygget gir betre isolert tak og deler av fasade mot nord.

Slik vi ser det vil tiltaket ikkje være til ulempe for naboar eller omgjevnader / miljø eller redusere den visuelle verdien i området. Samla sett meiner vi fordelane ved å gje løyve til tiltaket er klart større enn ulempene slik det er formulert i plan og bygningslova § 19-2 andre ledd.

Ing. Taule AS



Karl Atle Taule

Vedlegg:

1. Situasjonsskart med oversikt over busetnad og industri samt marina/ båthavn.
2. Satelittfoto som viser topografi.
3. Vindrose – utskrift Meteorologisk institutt 10-årsperiode 2013-2023.




N6729174, Ø281720

VEDLEGG 2

Murvann mangler

DEPLANTNING - STORE GRANER

Situasjonskart -		
		
	Dato: 25-07-2023	
	445/58	
	Målestokk: 1:1 000	 30m

Data fra Kartverket, Norge Digitalt og Nordhordland digitalt

N6729574, Ø281720

Vindrose for Fedje (SN52535) i perioden; 7.2013-7.2023.

Stille (0,0-0,2 m/s) = 0,5 %

VEDLEGG 3

